



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

Drammen 9.5.2020.

Rollag kommune.
postmottak@rollag.kommune.no

Killingdalen Nord.

Området.

Viser til varsel om planstart for Killingdalen Nord.

Naturvernforbundet i Buskerud (NiB) vil med dette komme med ein uttale om planen. Området som er planlagt til hyttebygging, er på 30 dekar og ligg i Killingdalen i nordre del av Vegglifjell. Området ligg øvst i fjellbjørkebeltet og grensar opp i mot snaufjell. Området framstår som bratt. Delar av området ligg innafor Region plan for villrein. Ein del myr er også med i planområdet. Det er planlagt konsentret utnytting av området med bygg i to etsajer - ifølge utbyggar er det for vera i samsvar med nasjonal arealpolitikk.

NiB viser til det nasjonale styringsdokumentet «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023» kor departementet blant anna påpeikar at: «Det også er viktig å bevare større, sammenhengende områder uten hyttebebyggelse i fjellområder med stort press på arealene».

Me viser også til veileder fra Miljøverndepartementet i 2005, som seier: «Kommuner som tidligere har godkjent hytteområder i eksponerte snaufjellsområder, bør revidere kommuneplanen med tanke på å ta ut særlig uheldige hyttelokaliseringer i eldre, ikke realiserte planer. Etablering av nye hytteområder i snaufjellet bør unngås. Dersom hyttebygging skal kunne tillates i områder med lite vegetasjon, bør det skje som fortetting etter en grundig vurdering av landskapsvirkningene».

Naturvernforbundet er kjent med at kommunen er i gang med ny kommunedelplan, der dette rådet fra departementet må følgjast opp.

Vegglifjell er allereie sterkt prega av hytter, og kommunen bør vurdere om den samla belastninga i området har nådd eit nivå som gjer at ytterleggare utbygging må stansast.

Villrein.

Området grensar opp i mot Hardangervidda villreinområde. Norge har eit særskilt internasjonalt ansvar for å ivareta villreinen. Villreinen er ein “paraplyart”, den er arealkrevande og vandrar mykje gjennom året for å finne eigna beiteområde til ulike årstider. Bakgrunnen for det er det ustabile livsgrunnlaget fjellet kan tilby. Fjellområda er også leveområde for mange andre dyr, fuglar og planter, som på sine måtar er tilpassa eit liv i fjellet. Lukkast me å ta vare på store nok areal for villreinen, vil me også sikre leveområda for veldig mange andre artar. Villreinen er for tida pressa av fleire ting. Skrantesjuka er alvorleg, men auka ferdsel på vidda har ført til at reinen bare brukar mindre delar av vidda somarstid. Det kan ha ført til auka problem med reinbrems og fotråde. Dei siste åra har fotråde ført til sterkt redusert overleving hos kalvane. Fleire hytter i nærleiken av vidda vil føre til meir ferdsel inn i villreinområdet. Villreinen er var for menneskeleg aktivitet og vil slutte å bruke eit område når ferdselen kjem over eit visst nivå.

Planen er i strid med eigen vedteken kommuneplan. I samfunnsdelen under kap. 7.3 Bærekraftig utvikling står det: *”Rollag skal arbeide for å bevare det biologiske mangfoldet i kommunen og bidra til å sikre grunnlaget for villreinstammene på Hardangervidda og Blefjell.”*

Myr.

Det er ein del myr innafor planområdet. Det vil bli vanskelig å bygge hytter her utan å øydeleggje myr.

Myr er ein sær viktig naturtype. Myra er rasteplass for fugl, den er levestad for mange planter og dyr, rensar vatn, dempar flom og lagrar store mengder karbon. Regjeringa har styrka vernet av myr, og frå 2020 er det forbod mot nydyrking av myr. For nærare informasjon sjå: <https://www.sabima.no/trua-natur/myr/>

Regjeringa har starta opp med å restaurere myr, og løyvingane over statsbudsjettet til restaurering av myr har auka kraftig dei siste åra. Grunnen er i hovudsak at myr bind karbon og er eit effektivt klimatiltak. Det er eit paradoks at styresmaktene brukar mange millionar på å restaurere myr, medan kommunane rundt om bygger ned myr i stort tempo.

Naturmangfald.

I stortingsmeldinga om naturmangfald (Natur for livet) går det fram at arealendringar er den største negative påvirkninga på natur i Norge i dag. Dette er også trekt fram i dei nye ”Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023”, vedtatt ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019. Dette samsvarer med rapporten fra naturpanelet (IPBES) om verdas naturtilstand som blei lagt fram 6. mai 2019. Her går det fram at ein av dei viktigaste truslane mot

biologisk mangfald er at vi bygger ned leveområda til dyr og planter. Som følge av nedbygginga akselererer tapet av naturmangfald. Tapet av natur blir nå vurdert som ein like stor trussel som klimaendringane. Vi meiner dette er et viktig bakteppe når forslag til nye byggeområde i kommuneplanen skal vurderast. Regjeringa har sendt ut dokumentet "Nasjonale forventninger til regional og kommuneplanlegging. Dei forventar at berekraftsmåla skal liggje til grunn for planleggjinga. Eit av delmåla er at økosystemet i fjellområda skal bevarast.

Klima.

Rollag kommune må gjera ei berekning av kva for konsekvensar denne planen vil ha for klimautsleppa til kommunen. Moderne hytter, med alle sine fasilitetar fører til store klimautslepp. Det er utslepp knytta til at hytta står varm heile året, til transporten til og frå hytta, og det er utslepp knytta til bygginga av hytta. Alle kommunar er pålagt å ha ein klimaplan. Veggli kommune vedtok sin klimaplan 29.11.2011. Skal det ha noko meining å vedta ein klimaplan, må planen følgjast opp.

Konklusjon.

Området Killingdalen nord eignar seg dårleg til hyttebygging. Området er bratt, prega av høg fjell, ligg nær villreinområde, og det er myr i planområdet. Nye hytter vil føre til auka klimautslepp og tap av biologisk mangfald. Vegglijfjell er allereie i dag sterkt prega av hytter, og den samla belastninga vil bli for stor dersom det blir bygd fleire hytter. Det delvis bratte terrenget vil også føre til skjemmande skjeringar i terrenget. Planen er i strid med både kommunale planar og nasjonale føringar fra styresmaktene. Rollag kommune må avslå vidare planlegging i Killingdalen.

kopi: kjetil.heitmann@naturforvalter.no

Statsforvaltern i Oslo og Viken - sfovpost@stadsforvalteren.no

Venleg helsing Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal